



Alverporten As
Radøyvegen 239
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar: Håkon L. Haugland
Vår: 22/5386 - 23/12761

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
siril.therese.sylta@alver.kommune.no

Dato:
15.02.2023

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 188/137 m.fl. Gjervik ytre

Tiltak: nytt bygg - boligformål
Byggjestad: Gbnr: 188/137 m.fl.
Tiltakshavar: Alverporten As
Ansvarleg søkjar: Arc Arkitekter As

Saka gjeld klage på vedtak om dispensasjon og rammeløyve på vilkår datert 22.12.2022 for oppføring av forretnings- og bustadbygg.

Klagen vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 08.02.2023, der følgjande vedtak vart fatta:

APM- 033/23 Vedtak:

Utval for plan, areal og miljø godkjenner kommunaldirektøren sitt vedtak med desse endringane.

Det vert gjeve dispensasjon frå byggegrensa mot o_SKV9. Fordelar er at dette vil gje betre kvalitet på uteareal og solforhold på ettermiddag/kveld, fasaden vil få betre arkitektonisk løysing som «byhus» og gje eit liv i fasaden. Ein kan ikkje sjå at planen vert vesentleg tilsidesatt. Bygningskroppen som grensar mot o_SKV10(S) har byggjehøgde K+37,1 som er i trå med områdeplanen, maks byggjehøgde K + 38 mot o_SKV10 (S). Utval for plan, areal og miljø godkjenner difor Bygg C som er trekt 4 m inn frå o_SKV10 med dei høgder som er vist på teikningar.

APM sitt framlegg til vedtak: Det vert gjeve dispensasjon frå § 19.2 APM meina at fordelene er større enn ulempene ved at soltilhøva vert betre for dei som skal nytta desse bustadane. APM kan heller ikkje sjå at dei omsyn som ligg i områdeplanen blir vesentleg sett tilsides.

Klagen frå Arc Arkitekter i sak 22/5386 på delar av vedtak om dispensasjon og rammeløyve på vilkår datert 22.12.2022 for oppføring av bustad- og forretningsbygg vert teke til følgje.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Vidare saksgang:

Det blir sendt ut nytt rammeløyve i tråd med vedtak gjort av Utval for areal, plan og miljø datert 08.02.2023 når klagefristen er ute og det ikkje er mottatt ny klage på vedtaket.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Arealforvaltning

Siril Therese Sylta
tenesteleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på delar av vedtak om rammeløyve for oppføring av forretnings- og bustadbygg gbnr 188/137 m.fl. Gjervik Ytre
Klage på delar av vedtak om rammeløyve for oppføring av forretnings- og bustadbygg - gbnr 188/137 m.fl. Gjervik ytre
epost - Klage på deler av vedtak om rammetillatelse i sak 225386-2283600 - Alverporten
Klage på deler av vedtak om rammetillatelse - gbnr 188/137 Gjervik ytre
Dispensasjon og rammeløyve til oppføring av forretnings- og bustadbygg på vilkår - gbnr 188/137, 188/385, 188/116, 188/75, 188/407, 188187 og 188/283 Gjervik ytre

Kopi til:

Ingrid Karin Langøy	Nedre Valderneset 35	5939	Sletta
Knarvikgården As	Postboks 42	5902	Isdalstø
Liliana Teodosieva	Haugvegen 7	5914	Isdalstø
Olai Gabriel Langøy	Nedre Valderneset 35	5939	Sletta
Rabben Velforening ved Vidar Rydland	Bruvegen 100	5914	ISDALSTØ
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Ventsislav Kosev Teodosiev	Haugvegen 7	5914	Isdalstø

Mottakarar:

Alverporten As	Radøyvegen 239	5911	ALVERSUND
Arc Arkitekter As	Vestre Kanalkai 20	7010	TRONDHEIM

